



Notat

OPPDRAAG	Strekning Florø-Stad	DOKUMENTKODE	10260975-01-PLAN-NOT-001
EMNE	Merknader til høyring og offentlig ettersyn av planprogram og oppstart av planarbeid	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAAGSGIVER	Kystverket	OPPDRAAGSLEDER	Sissel Enodd
KONTAKTPERSON	Trym Hauge Nilsen	UTARBEIDET AV	Sissel Enodd
KOPI		ANSVARLIG ENHET	10234031 Seksjon By- og områdeutvikling TRL

SAMANDRAG

Høyring og offentlig ettersyn av planprogram vart kunngjort mai-juni 2025. Det kom inn merknader frå statlege og regionale styresmakter, organisasjonar og private. Det er brei semje om behovet for betre farlei, men uro knytt til sjødeponi. Planarbeidet bør prioritere alternativvurdering for deponiområde, berekraftig masseforvaltning, grundig konsekvensutgreiing av natur- og vassmiljø, krav om avbøtande tiltak og tidsavgrensingar for anleggsarbeid.

Hovudtema i merknadene:

Massehandtering: Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune og Fiskeridirektoratet krev at massehandtering vert eit sentralt tema i utgreiinga. Tilrådingar om berekraftig masseforvaltning med gjenbruk og resirkulering, samt krav om avbøtande tiltak i planføresegnene. Statsforvaltaren krev at det vert utarbeidd massehandteringsplan massehandteringsplan med fokus på gjenbruk og resirkulering, samt vurdering av behov for mellomlager og deponi.

Naturmangfald: Utgreiing av verknader for naturreservatene Vengane og Haukedalholmane er viktig. Anleggsarbeid bør skje utanfor hekke- og gyteperiodar. Ny kartlegging av naturtypar og artar ved deponiområde er viktig. Alternative område må bli vurdert dersom negative verknader ikkje kan avgrensast.

Fiskeri og akvakultur: Det må takast omsyn til gyteområde og yngel, og avbøtande tiltak mot støy og partikkelspreiing skal vurderast. Sør-Norges Fiskarlag går imot sjødeponi ved Storøyna grunna viktige ressursområde. Mattilsynet krev risikovurderingar for inntaksleidningar og dyrevelferd. Oppdrettsnæringa ønskjer sprengingsarbeid lagt til deira brakkleggingsperiode.

Samferdsel og infrastruktur: Vestland fylkeskommune ber om vurdering av risiko for Skatestraumtunnelen og fv. 616, medan Linja AS ber om omsyn til fiberkabelanlegg. Kystverket ber om at planen skildrar påverknad på skipstrafikk og tilrår bruk av arealformålet «ferdsel» med føresegnar som sikrar sjøtransport. Ein privat person opplyser om eigen brønn.

Kulturmiljø og friluftsliv: Det er uttrykt bekymring for påverknad på Rugsund handelstad og friluftaktivitetar som padling og dykking. Kontakt med brukargrupper blir tilrådd.

Forslagstillar vurderer at dei fleste merknadane er teke til vitande. Det vil bli utarbeidd massehanteringsplan. Kystverket har målsetting om at massane som vert fjerna i utdjupinga skal bli nytta til utbygging med formål som har samfunnsnytte som td. opparbeiding av næringsområde. Kystverket vil difor ha møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta i mot massar. Dersom dette av ulike årsaker ikkje blir mogleg, ønskjer Kystverket å regulere område for deponi for å sikre at tiltaka kan bli gjennomført. Kystverket har søkt etter og vurdert alternative lokaliseringar av deponi som forarbeid til planprogrammet.

00	03.12.2025	Utarbeidd	Sissel Enodd	Johanne Arff	Sissel Enodd
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV



Detaljregulering av farlei, Bremanger kommune, planid. 4648.202501

Oppsummering og vurdering av merknadar til høyring og offentlig ettersyn av planprogram og oppstart av planarbeid

1 Varsling

Høyring og offentlig ettersyn av planprogram og igangsetjing av regulering vart kunngjort i Fjordenes tidende den 27.05.2025 og Firdaposten den 05.06.2025 og i aviser, samt på internett. Det vart sendt brev til mynde og organisasjonar med e-post. Grunneigarar på land ved tiltaksområda vart varsla via Altinn den 20.05.2025.

I samband med varslinga har det kome merknader og innspel frå mynde (5), organisasjonar og verksemdar (3) og private grunneigarar og naboar (3):

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Bergens sjøfartsmuseum
- Fiskeridirektoratet
- Kystverket
- Mattilsynet
- NVE
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
- Sør-Norges fiskarlag
- Linja AS
- Steinvik Fiskefarm, Marø Havbruk og E. Karstensen Fiskeoppdrett
- Ingvard Martin Arne Havnen
- Bjørn Ringstad
- Svein Olsen

Merknadene er summert og vurdert i kap. 2.

2 Innkomne merknader

2.1 Mynde

2.1.1 Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren har ingen vesentlege innvendingar til planprogrammet, men understrekar behovet for grundig konsekvensutgreiing, berekraftig massehandtering og tiltak som sikrar naturmangfald og vassmiljø.



Statsforvaltaren vurderer at planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing, særleg fordi det vert lagt til rette for deponering av store mengder masse i sjø. Utgreiinga må følgje krava i forskrifta og inkludere vurdering av avbøtande tiltak. Massehandtering bør vere eit sentralt tema, med ein eigen massehandteringsplan som skildrar kvalitet, lagring og gjenbruk av massane. Det må òg vurderast behov for mellomlager og deponiområde.

Forureining er eit viktig tema. Det må kartleggjast grunnforureining i sjøen og vurderast risiko for spreining av miljøgifter, partikkelspreiing og utlekking av nitrogen frå sprengstein, som kan påverke vasskvalitet og økologisk tilstand negativt. Forureina massar skal takast på land i godkjent deponi. Tiltaka må ikkje forverre miljøtilstanden eller påverke villaksbestand.

Naturmangfaldet må ivaretakast. Arbeid nær Vengane og Haukedalsholmane naturreservat må unngå hekketid (1. april–31. juli). Det krevst ny naturtype- og artskartlegging, inkludert raudlista artar og OSPAR-habitat. Avbøtande tiltak må innarbeidast i planføresegnene, og dersom deponering gjev uakseptable miljøkonsekvensar, må alternative område vurderast. Anleggsperioden må tilpassast hekke- og gyteperiodar.

Kommentar/vurdering:

Tema som Statsforvaltaren skildrar for det meste inngår i planprogrammet og vil bli handsama i planarbeidet slik Statsforvaltaren ber om. Planprogram er endra som følger for å kome merknader i møte:

Merknad om massehandtering vert teke til vitande. Forslag til planprogram er endra slik at massehandteringsplan er teke inn som del av planarbeidet. Planen skal skildre kvalitet på massane og kvar ev. massane skal lagrast før dei vert nytta, osv. Behov for areal for mellomlager/ressursbankar og deponi, skal bli vurdert dersom dei skal nyttast i samband med utbyggingsføremål. Kystverket har målsetting om at massane som vert fjerna i utdjupinga skal bli nytta til utbygging med formål som har samfunnsnytte som td. opparbeiding av næringsområde. Kystverket vil difor ha møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta i mot massar. Dersom dette av ulike årsaker ikkje blir mogleg, ønskjer Kystverket å regulere område for deponi for å sikre at tiltaka kan bli gjennomført.

Merknad om at kva som er meint med ny naturtypekartlegging bør bli konkretisert, er teke til vitande. Det er spesifisert at det skal bli utført naturtypekartlegging og artskartlegging, der både raudliste for naturtypar og artar, samt OSPAR si liste over trua og/eller minkande habitat blir lagt til grunn.

2.1.2 Vestland fylkeskommune

Ber om at planarbeidet legg særleg vekt på forholdet til fv 616 for alternativet i Skatestraumen. I tillegg er konsekvensutgreiing og god alternativvurdering av lokalisering av deponi viktig tema.

Regionale planer: I planprogrammet er det vist til Utviklingsplanen 2020-2024, ny Utviklingsplan med nye mål og satsingsområde er vedteke. Vi gjer også merksam på at Strategisk plan for kysten Sogn og fjordane 2018- 2029, som det vert vist til, vart oppheva av fylkestinget juni 2025. Vi viser i tillegg til Regional plan for klima som aktuell.

Konsekvensutgreiing: finn at forslag til tema som blir handsama i konsekvensutgreiinga dekker i hovudsak dei tema som er naturleg å gjere greie for.



Alternativvurdering: meiner at lokalisering av sjødeponi bør vere ein del av planprosessen og at alternativvurdering bør vere ein del av konsekvensutgreiinga. Oppmodar om å ta lokalisering av sjødeponi inn i planprogrammet, konsekvensutgreiinga og arbeidet med reguleringsplanen.

Bruk av massar: Vi ser det som viktig å ha fokus på gjenbruk og resirkulering av massane, framfor deponering. Jamfør avfallspyramiden er deponering siste utveg. Vi legg til grunn at planarbeidet viser korleis massane skal handterast.

Friluftsliv: I planprogrammet er det vist til at mellom anna Skatestraumen er brukt i samband med dykking. Det er viktig med kontakt med brukargrupper (dykkarklubbar, kajakklubbar, mfl.) som eit supplement til registreringar som ligg føre i kartleggingane i området.

Vassmiljø: Vi reknar med at konsekvensutgreiinga synleggjer korleis vassøkologien og vasskvaliteten vert påverka i tiltaksområdet og influensområdet. Dersom konsekvensutgreiinga synleggjer at miljømåla vert sett i risiko for ikkje å verte nådd eller tilstanden vert forringa må vassforskrifta § 12 verte vurdert.

Samferdsel: Fylkesveg 616 *Hornelsvegen* går i ein undersjøisk tunnel under Skatestraumen. Er bekymra for auka tilsig av vatn i Skatestraumtunnelen om det vert utført sprengingsarbeid over og i nærleiken av tunnelen. Tilstand på pumper, leidningsnett, oppbygging av tunnelen, teknisk bygg er skildra.

Kommentar/vurdering:

Regionale planer: merknad er teke til vitande, oversikt er oppdatert i planprogrammet.

Lokalisering av sjødeponi inngår allereie i planprogrammet. Det er vurdert mange alternativ innleiingsvis. I vidare arbeid skal 2-3 alternativ bli utgreia for kvart tiltaksområde.

Massehandtering: merknad om er teke til vitande. Forslag til planprogram er endra slik at massehanteringsplan er teke inn som del av planarbeidet. Planen skal beskrive kvalitet på massane og kvar ev. massane skal lagrast før dei vert nytta, osv. Behov for areal for mellomlager/ressursbankar og deponi, skal bli vurdert dersom dei skal nyttast i samband med utbyggingsføremål. Kystverket har målsetting om at massane som vert fjerna i utdjupeinga skal bli nytta til utbygging med formål som har samfunnsnytte som td. opparbeiding av næringsområde. Kystverket vil difor ha møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta i mot massar. Dersom dette av ulike årsaker ikkje blir mogleg, ønskjer Kystverket å regulere område for deponi for å sikre at tiltaka kan bli gjennomført.

Vassmiljø: verknader for vassmiljø vil bli konsekvensutgreia i planarbeidet.

Risiko for skader på Skatestraumtunnelen vil bli vurdert i risiko og sårbarheitsanalysen.

2.1.3 Bergens sjøfartsmuseum

Museet kjenn ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Alle dei påverka områda er allereie undersøkt av museet.

Påpeikar at vrak med Askeladden id. 139861 er omtalt som ikkje freda, men er automatisk freda grunna byggedato i 1923.

Kommentar/vurdering:

Takast til vitande.



2.1.4 Fiskeridirektoratet

Opplyser om interesser knytta til fiskeri, taretråling, akvakultur, ressursområder og marine naturtyper for kvart planområde samt moglege verknader tiltaka kan gje.

Fiskeridirektoratet kan ikkje sjå at planarbeidet vil gje vesentlege negative konsekvensar for fiskeriinteressene med tanke på bruk av sjøområdet. Men det må takast omsyn til eventuell låssett fisk på låssettingsplassen «*Litleøystraumen*».

Ved tiltak i sjø som sprenging og mudring, må det takast omsyn til potensiell påverknad på nærliggande gyteområde/gytefelt og tidlege livsstadier for torsk, samt for yngel som gjennom sommaren og utover hausten lever i potensielle oppvekstområde i nærleiken av slike. Avbøtande krav for å begrense støy, partikkelspreiing og eventuelle miljøgifter må bli vurdert.

Føresett at alle eventuelle konsekvensar ved gjennomføring av tiltaka blir vurdert og kjem klart frem i konsekvensutgreiinga.

Planområdet Olaskjeret ligg i gyteområdet «*Husefest*» for torsk, hyse og sild. Vi føresett at det blir vurdert og teke omsyn til eventuell verknad planlagte tiltak i sjø kan få, og at HIs tilråding om at dersom det skal bli gjort tiltak i eller i nære gytefelt og gyteområder må arbeidet i størst mogleg grad bli utført utafor gyte- og larveperioden for torsk. Avbøtande tiltak for å vareta gyteområdet, tidlige livsstadier og gytesuksessen for torsk på best mogleg måte, må bli forankra i føresegner. Vi føresett her med bakgrunn i råd fra HI, at det som et minimum blir gjeve føresegner om at anleggsarbeid ikkje skal bli utført i perioden fra 1. januar til 1. juni.

Kommentar/vurdering:

Tema som Fiskeridirektoratet skildrar inngår i planprogrammet og vil bli handsama i planarbeidet slik direktoratet ber om.

2.1.5 Kystverket

Det må bli skildra for korleis planforslaget vil verke på eksisterande og framtidig skipstrafikk i anleggsperioden og at endring av risiko- og sårbarhet for trafikk i farleiane i anleggsperioden blir inkludert i ROS-analysen.

Tilrår at arealformålet «*ferdsel*» blir bruka i område utaom farlei som har særleg høy trafikk og ved tronge farvatn og at det vert gjeve føresegner som sikrar interessene til sjøtransporten: «*Innafor arealformålet farled/ferdsel er tiltak som tilrettelegger for sjøtransport tillate. Tiltak eller inngrep som hindrar eller gjer sjøtransport vanskeleg er ikkje tillate.*»

Kommentar/vurdering:

Teke til vitande.

2.1.6 Mattilsynet

Tiltakshavar må sørge for at det blir gjort risikovurderingar i forhold til arbeidet som er planlagt og nærleiken til akvakulturanlegga, og få på plass passande avbøtande tiltak. Tiltakshavar må innhente informasjon om inntaksleidningar til dei ulike lokalitetane og gjere ei vurdering i forhold til fare for forureining av inntaksvatnet.



Dei ulike oppdrettsaktørane må involverast i planprosessen så dei kan planlegge eventuelle avbøtande tiltak, og dei skal varslast ved avvik frå planane eller ved uhell som kan føre til liding for fisk eller forureining av sjømatprodukt.

Kommentar/vurdering:

Takast til vitande i vidare planarbeid. Det er sendt melding om oppstart av planarbeid og planprogram til oppdrettsaktørar ved tiltaksområda.

2.1.7 NVE

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging». Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

Kommentar/vurdering:

Takast til vitande.

2.1.8 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som råkar følgjande område: verksemdar som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemdar, transport av farleg gods, branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg og tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltarens si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

Kommentar/vurdering:

Takast til vitande.

2.2 Organisasjoner**2.2.1 Sør-Norges fiskarlag**

Sender inn uttale i samråd med våre lokallag Nordfjord Fiskarlag og Fjordane Fiskarlag.

Det er svært positivt med utbetring av farlei som bidrar til betre sikkerheit og framkomst. Ein ser derimot at det er behov for dialog og kunnskapsdeling om eventuelle deponiområde.

Dumping/deponering av massar bør så langt det lar seg gjere unngåast i sjø, særleg i tilknytning til viktige ressursområde og sårbare periodar for økosystemet (gyte- og yngelperiodar). Massar bør søkjast å bli brukt til samfunnsnyttige føremål eller leverast til mottak på land. Sjølv reine massar kan påverke lokalt økosystem.

Fiskeridirektoratet sine kystnære fiskeridata og sporingsdata gir ein god indikasjon på kor det blir drive fiske og kva type fiskeri som foregår i dei ulike områda. Likevel er det viktig med god dialog med fiskarlag og fiskeriinteresser då det kan vere interesser og omsyn som ikkje er like synleg i eit slikt



kartverktøy. Fiske er naturgitt og kan variere år for år basert på vêr, vind, temperatur og tilgjengelegheit. Likevel har ein enkelte ressursområde som skiller seg ut.

Går sterkt i mot vurdering av sjødeponi ved Storøyna. Dette er eit svært viktig ressursområde med god mattilgang for vandrande pelagiske artar som sild og makrell, og dermed gjer det godt eigna for notfiske og låssetting. Notfisket som foregår i slike område er svært berekraftig og klimavenleg med lite forbruk av drivstoff og reine fangstar. Ein er dermed avhengig av å ivareta slike tradisjonelt viktige område som ein for pelagisk fisk ofte kan finne i bukter og fjordbotnar med dei rette naturtilhøva.

I tillegg ønsker ein gjennomgang av øvrige deponiområde, samt vurdering av tidspunkt for dei ulike operasjonane og innverknad på livet i sjø og pågåande fiskeri. Her visar ein mellom anna til at det er registrert viktige og sårbare gyte- og beiteområde, særleg ved Frøysjøen.

Sør-Norges Fiskarlag med lokallag ber om eit møte før ein går vidare i konsekvensutgreiinga for å gå igjennom planane og fiskeriinteresser i dei ulike områda, samt vurdere alternative område for eventuelle (i utgangspunktet uønska) deponi i sjø.

Kommentar/vurdering:

Viser til vurdering av massehandtering under merknad frå Statsforvaltaren. Kystverket har søkt etter alternative lokaliseringar av deponi, og vurderer at det er viktig å konsekvensutgreie deponi ved Storøyna for å sikre gjennomføring av tiltaka. Deponi vil ikkje bli gjennomført på lokalitetar der dei negative verknadene vil være for alvorlege. Kystverket har hatt møte med Fiskeridirektoratet i arbeid med planprogrammet og vil ta kontakt med fiskarlag under arbeid med konsekvensutgreiinga.

2.2.2 Linja AS

Linja AS har i samarbeid med Global Connect og Eninvest et fiberkabelanlegg fra Bortnen, via landtak ved Hamnen på Rugsundøya, og vidare til Oldeide. Ber om at det tas hensyn til fiberkabelanlegget i planprosessen og ved gjennomføring av naudylte tiltak.

Kommentar/vurdering:

Takast til vitande i vidare planarbeid.

2.2.3 Steinvik Fiskefarm, Marø Havbruk og E. Karstensen Fiskeoppdrett

Har oppdrettslokalitetar sør-vest for Olaskjeret. Steinvik Fiskefarm har lokaliteten *Hovden* (nr. 39437). Marø Havbruk og E. Karstensen Fiskeoppdrett har lokaliteten *Grunnsøya* (nr. 24615).

Er uroa for at sprengingsarbeidet kan føre til redusert dyrevelferd for fisken. Eit nyleg gjennomført prosjekt, #901744 *Salmon Soundscape* (finansiert av FHF og HI), har undersøkt korleis lyd og støy påverkar oppdrettslaks: [Støy som mulig stressfaktor og velferdsutfordring i oppdrettsnæringen | Havforskningsinstituttet](#)

Sjølvs om det framleis er behov for meir kunnskap om korleis sprenging påverkar laks, viser observasjonar av fisk på land at sprenging kan få laksen til å svømme ned mot botnen av tanken. Vi har sjølve observert at høg og uventa lyd kan føre til at fisken trekkjer seg ned, noko som kan skape stress og i verste fall dødeleg press på fisken som er nederst.

Oppmoder difor om at eventuell sprenging av Olaskjeret vert gjennomført i perioden då vi ikkje har fisk på desse to lokalitetane. Begge anlegga vil stå brakk frå august 2026 til og med februar 2027, og i same periode også i 2028/2029.

**Kommentar/vurdering:**

Kystverket vil kontakte aktuelle oppdrettslokalitetar under planlegging av gjennomføring av tiltaka.

2.3 Private**2.3.1 Ingvard Martin Arne Havnen**

Området rundt Skaten fyr er ein av dei beste fiskeplassane i ytre delen av Nordfjord. Dette ser eg hverken omtala eller problematisert. Konsekvensane av tiltaket synest difor mangelfullt utgreidd og bør ikkje gjennomførast før dette er gjort.

Meiner at det største problemet for skipstrafikken i Skatestraumen er at dei fleste fartøya hald for stor fart og grev opp mykje sjø. Eg har sjølv erfart det og fått skadar på kai. Dette kan og skapa farlege situasjonar ved møtande skip. Det burde difor heller vorte sett ei fartsgrense for trafikken gjennom Skatestraumen.

Kommentar/vurdering:

Det vil bli utarbeidd konsekvensutgreiing til reguleringsplanen. Kystverket har vurdert at det er naudsynt å utdjupe ved Skaten for betre framkome og tryggleik i leia.

2.3.2 Bjørn Ringstad

Er som nabo svært kritisk til planane om mogleg deponi vest for Storøya og nær opp til Litløynå. Det kjem ikkje tydeleg fram kva dei fulle konsekvensane vil vere. Er uroa for at eit deponi i det aktuelle området vil påverke både det marine plantelivet, kulturmiljøet og moglegheitene til friluftsliv vil bli sterkt redusert.

Ut frå min kjennskap til området som fritidspadlar er det relativt grunt og tidvis sterk straum enkelte stader. Er uroa for at den marine vegetasjonen vil bli negativt påverka og med fare for slamdanningar. meiner det er så smalt og grunt einskilte stadar at dette vil være en reell problemstilling.

I tillegg er deler av området ein del av eit unikt kulturmiljø med Rugsund handelsted som "juvelen". Dette kulturmiljøet strekker seg ein god del sør for sjølve handelshuset. Innimellom det tronge og oppsplitta sundet på vestsida av Litløynå ligg fleire ruiner/tufter etter eldre kaianlegg og truleg bryggehus. Her er også eldre fortøyningsboltar som viser storleiken staden hadde, truleg på 1800-tallet. Disse er ikke så enkle å se for et utrent øye, men er viktige element i kulturlandskapet. Det eldste huset på Litløyna er også frå omkring 1820-1840, og viser til aktiviteten i området i det same tidsrommet.

Kommentar/vurdering:

Viser til vurdering av massehandtering i merknad frå Statsforvaltaren. Kystverket har søkt etter alternative lokaliseringar av deponi, og vurderer at det er viktig å konsekvensutgreie deponi ved Storøyna for å sikre gjennomføring av tiltaka. Deponi vil ikkje bli gjennomført på lokalitetar der dei negative verknadene vil være for alvorlege. Eit eventuelt deponi vest for Storøyna vil ligge på 40-47 m djupne og vil ikkje påverke moglegheitene for padling.



Strekning Florø-Stad

Merknader til høyring og offentlig ettersyn av planprogram og oppstart av planarbeid, planid. 4648.202501 Bremanger

2.3.3 Svein Olsen

Bor på Kalveholmen, rett øst av Skaten fyrlykt, ved Hornelsflua. Opplyser om at vi har en brønn som vannkilde, og erfaring fra tidligere sprengnings virksomhet i nærheten av oss kan resultatet bli lekkasje/sprekker i brønnen.

Kommentar/vurdering:

Merknad er teke til vitande. Risiko for skader på brønnen ved sprenging vil bli vurdert i risiko og sårbarhetsanalysen.